



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Skei

Dato: 22.10.2024

Tidspunkt: 14:00 - 17:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Medlem	Vestland fylkeskommune
Stig Ove Ølmheim	Medlem	Sogndal kommune
Andreas Wollnick Wiese	Leiar	Luster kommune
Stine Fjellkårstad	Nestleiar	Stryn kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Baard Helle Bolstad	Mariel Eikeset Koren	Gloppen kommune

Merknader:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vart orienterte om gondolplanar på Tverrfjellet i Kjøsnestfjorden av Jostedalsbreen AS 21.10.2024.

22.10.2024 var det dialogmøte med administrativt kontaktutval og fagleg rådgjevande utval. I etterkant var det styremøte.

Anne Rudsengen, SNO, var med på samlinga.

Andre frammøtte:

Namn

Trygve Snøtun

Tor Arne Hauge

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Andreas Wollnick Wiese

Hege Lothe

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 31/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/24	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 33/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalen - Vedlikehald av sti - Sunndalen sankelag		2024/14948
ST 34/24	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 35/24	Delegerte saker		
DS 5/24	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel med helikopter for frakt av grus til restaureringsarbeid på Skålastien hausten 2024 - Skålastilaget		2024/13561
DS 6/24	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av material til klopplegging - Austerdalen - 2024 - Luster Turlag		2023/14777

Orienteringssaker

1. Presentasjon av prosjekt ved Brævasshytta, ved Frøydis Hegnar frå Arkitektkontoret 4B
2. Oppsummering av dialogmøtet
3. Status tiltaksplan og økonomi pr 15.10.2024
4. Tiltaksplan 2025 - drøfting
5. SNO orienterer
6. Mediesaker sidan sist

ST 31/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.10.2024

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.
Samrøystes vedteke.

ST 32/24 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.10.2024

Handsaming i møte

Hege Lothe sa seg villig til å skrive under protokoll i lag med styreleiar.

Vedtak

Hege Lothe vart vald til å signere protokoll i lag med styreleiar.
Samrøystes vedteke.

ST 33/24 Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalen - Vedlikehald av sti - Sunndalen sankelag

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.10.2024

Handsaming i møte

Gjennomgang av saka frå forvaltar.
Samrøystes vedteke i tråd med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

I medhald av naturmangfaldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre Sunndalen sankelag løyve til å plukke ut inntil 10 furutre på høgda mellom Tverrelva og Sunndalssætra til bruk som materialar ved restaurering av klopper på stien på staden. Trea skal veljast med omhug, og må ikkje vere av dei største og eldste i området. Hogstavfall må leggjast på eigna stader slik at det vert minst mogleg synleg frå stien. Tiltaket må gjennomførast innan 10.10.2025.

ST 34/24 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.10.2024

Handsaming i møte

Måndag 21.10.2024 informerte Jostedalsbreen AS om førebels forslag til reguleringsplan for planar om gondol til Tverrfjellet i Kjøsnesfjorden for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

På styremøtet 22.10.2024 vart følgjande saker orienterte om:

1. Presentasjon av prosjekt ved Brævasshytta, ved Heidi Kathrin Osland frå Arkitektkontoret 4B.
2. Oppsummering av dialogmøtet.

- Noko forfall av ulike årsaker.
 - Bra med god takhøgde for tilbakemeldingar.
 - Brosjyrekartet bør ha ein gjennomgang saman med besøkssentra før neste nytrykk.
 - Runden var nyttig. Kanskje bruke meir tid neste gong?
 - FN sitt internasjonale breår bør markerast.
3. Status tiltaksplan og økonomi pr 15.10.2024.
 4. Tiltaksplan 2025 - drøfting.
 5. SNO orienterer.
 6. Mediesaker sidan sist.

Nasjonalparkstyret tok orienteringssakene til vitande.

Vedtak

ST 35/24 Delegererte saker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 22.10.2024

Handsaming i møte

Gjennomgang av sakene frå forvaltarane,

Nasjonalparkstyret tok sakene til vitande.

Vedtak